

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

---

<b>Dato</b>	08.08.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/65862-4
<b>Dykkar referanse</b>	22/2147
<b>Sakshandsamar</b>	Silje Svanevik
<b>E-post</b>	Silje.Svanevik-Roren@vlfk.no
<b>Telefon</b>	94236494

**Uttale til dispensasjonssøknad - bruksendring m.m - fv 5452 - gnr 196 bnr 107  
- Midtgård - Alver kommune**

Vestland fylkeskommune ved avdeling for infrastruktur og veg syner til brev motteke 14.07.2022 med ovannemnde søknad til uttale.

**Kva saka gjeld**

Alver kommune har motteke søknad om løyve til ombygging og bruksendring av eksisterande næringsbygg til bustad. Det er samstundes søkt om tilbygg og påbygg, samt dispensasjon frå regulert utnyttingsgrad og regulert byggegrense.

**Uttale**

Før vi skal kunne stilla oss positive til bruksendring må det føreliggja tekniske teikningar for avkøyrsla til tiltaket som må vere godkjende av oss. Jamvel om bruksendringa kan tenkast å medføra mindre trafikk må avkøyrslforholda vurderast på nytt ved bruksendring.

Avkøyrsla er utflytande og uoversiktleg og innfrir ikkje krav til utforming i tråd med handbok N100. Dette kan mellom anna medføre høg fart ved av- og påkøyring på fylkesvegen, noko som er uheldig, spesielt med omsyn til at det ligg busshaldeplassar på begge sider av veggen. Det er viktig at avkøyrslpunktet ikkje ligg rett ovanfor avkøyrsla på motsett side av veggen då X-kryss har høgare ulukkesrisiko enn sideforskyvde kryss. Når teikningane er godkjent av oss som vegmynde kan vedtak om bruksendring fattast.

Vi ber om å få saka til klagevurdering når ho er ferdig handsama.

Med helsing

**Kari Elster Moen**  
Senioringeniør  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Silje Svanevik**  
rådgjevar  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*